



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Sissel Storebø, 5557 2317

Vår dato
15.09.2015
Dykkar dato

Vår referanse
2015/11910 461.3
Dykkar referanse

Green Salar AS
Tangavegen 19
5620 Tørvikbygd

Rapport frå inspeksjon ved Green Salar AS – Ljonesvågen 8. september 2015

Rapportnummer: 2015.081.I.FMHO

Kontaktpersonar ved inspeksjonen:

Frå verksemda:
Christoffer Sandal
Ole Fredrik Skulstad
Siv Ljones

Frå Fylkesmannen i Hordaland:
Tom N. Pedersen
Sissel Storebø

Frå Mattilsynet:
Sunniva Lie Børsheim

Frå Fiskeridirektoratet:
Tina Oen Gaarden
Caterina Sunde

Resultat frå inspeksjonen

Denne rapporten omhandlar avvik og merknader frå inspeksjonen. Dersom vi ikkje får melding om faktiske feil i rapporten innan to veker etter at rapporten er motteken, er rapporten endeleg.

Fylkesmannen i Hordaland fann 3 avvik og har gitt 1 merknader under inspeksjonen innan følgjande tema:

- internkontroll
- farleg avfall
- utsleppsløyvet

Avvika og merknaden er nærare omtalt frå side 3 og utover i rapporten.

Green Salar AS må sende ei skriftleg stadfesting innan 31. desember 2015 på at avvika er retta. Oppfølginga etter inspeksjonen er nærare omtalt på side to.

Tom N. Pedersen
seniorrådgjevar

Sissel Storebø
senioringeniør

Rapporten er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:
Kvam herad Grovagjelet 16 5600 Norheimsund

1. Informasjon om verksemda

Namn: Green Salar AS	Risikoklasse: 4
Besøksadresse: Tangavegen 19, 5620 Tørrvikbygd	
Postadresse:	
E-post: cs@greensalar.no	Telefon: 940 15 838
Kommune: Kvam	Organisasjonsnr.: 973 556 762
Bransjenr. (NACE-kode): 03.212 Produksjon av yngel og settefisk i hav- og kystbasert fiskeoppdrett	Eigar (org.nr.): 914 138 388
Løyve sist oppdatert: 27. januar 2004	Siste tilsyn: år 2002

2. Bakgrunnen for inspeksjonen

Inspeksjonen vart gjennomført for å kontrollere om gjeldande krav fastsett i eller i medhald av forureiningslova med forskrifter blir overhalde. Inspeksjonen går inn som ein del av ein lokal aksjon for Fylkesmannen i Hordaland på akvakulturanlegga i Hordaland. Tilsynet vart gjennomført saman med Fiskeridirektoratet og Mattilsynet. I tillegg til dagleg leiar og driftsleiar var 3 røktarar frå verksemda delvis til stades under tilsynet.

Fylgjande hovudtema vart kontrollert:

- miljømål
- miljørisikovurderingar
- resipientgranskingar
- leiinga (driftsleiinga) sitt ansvar for ytre miljø
- drift og førebyggjande vedlikehald av anlegget
- avvikshandtering
- krav i utsleppsløyve datert 27. januar 2004.

3. Oppfølging etter kontrollen

Verksemda plikter snarast å rette opp avvika som er omtale i denne rapporten. For at Fylkesmannen skal kunne avslutte saka, må de innan 31. desember 2015 sende ei skriftlig tilbakemelding med dokumentasjon som viser korleis avvika er retta, gjerne med billedokumentasjon.

Varsel om tvangsmulkt

Dersom vi ikkje får tilbakemelding med dokumentasjon på at avvika er retta innan 31. desember 2015, vil Fylkesmannen fatte vedtak om tvangsmulkt, jf. forureiningslova § 73.

Vedtaket vil gå ut på at ei tvangsmulkt må betalast dersom Fylkesmannen ikkje har fått skriftleg stadfesting på at avvika er retta innan fristen.

Ei eventuell tvangsmulkt vil vere på 50 000 kroner.

Verksemda kan kommentere dette varslet. Eventuelle kommentarar må sendast til Fylkesmannen innan to veker etter at denne rapporten er motteken, jf. § forvaltningslova § 16.

4. Kontrollgebyr

Verksemda skal betale gebyr for kontrollen, jf. forureiningsforskrifta § 39-6. Verksemda er i løyvet plassert i risikoklasse 4. Dette betyr at de skal betale 4 700 kroner for den gjennomførte inspeksjonen. Faktura blir ettersendt frå Miljødirektoratet.

5. Offentleggjering

Denne rapporten vil vere tilgjengeleg via Fylkesmannen i Hordaland sin postjournal på www.fylkesmannen.no/hordaland jf. offentleglova.

6. Dokumentunderlag

- forureiningslova
- avfallsforskrifta kapittel 11 om farleg avfall
- internkontrollforskrifta
- utsleppsløyve til verksemda av 27. januar 2004
- dokumentasjon som verksemda la fram under kontrollen

Informasjon om regelverket finn du på www.miljodirektoratet.no og www.regelhjelp.no.

Definisjonar

- **Avvik:** brot på krav fastsett i eller i medhald av helse-, miljø- og sikkerheitslovgjevinga (for eksempel brot på krav i forureiningslova, produktkontrolllova og forskrifter heimla i desse lovene eller krav og vilkår fastsett i løyve eller dispensasjonar).
- **Merknad:** eit forhold som miljøvernmyndigheitene meiner det er nødvendig å påpeike for å ivareta helse og miljø og som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.
- **Andre forhold:**
Saker som framkom under inspeksjonen og som kan vere nyttig for verksemda å vite om. Her kan også tema som vart diskutert under inspeksjonen inngå, men der det ikkje blei gitt avvik eller merknader.

7. Avvik

Vi fann følgjande avvik under inspeksjonen:

Avvik 1: Verksemda har mangelfull internkontroll for ytre miljø

Avvik frå:

- Forskrift om systematisk helse-, miljø og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskrifta) § 5 2. ledd punkt 5, 6 og 7

Kommentarar til regelverket

Den som er ansvarleg for verksemda skal sørge for at det blir innført og utøvd internkontroll i samarbeid med arbeidstakarane og deira representantar. Dette inneber systematiske tiltak for å sikre at regelverket, blant anna på forureiningsområdet blir følgt. Rutinane skal vere skriftlege.

Verksemda sin organisasjon, § 5 punkt 5

Verksemda skal ha oversikt over sin organisasjon, herunder korleis ansvar, oppgåver og mynde for arbeidet med helse, miljø og sikkerheit er fordelt.

Risikovurdering, § 5 punkt 6

Ei risikovurdering skal kartleggje problem og farar for utslepp til ytre miljø og innehalde planar og tiltak for å redusere risikoen. Risikovurderinga skal omfatte alle aktivitetane til verksemda som kan føre til forureining av vatn, grunn og luft. Det er viktig å setje akseptkriterier for å klargjere kva som er akseptabel risiko og kva hendingar som krev risikoreduserande tiltak. Risikovurderinga skal munne ut i ein handlingsplan med tiltak for å redusere risikoforholda. Handlingsplanen og planar for tiltak skal ha tidsfristar og må sei kven som er ansvarleg for at dei vert gjennomførte.

Risikovurderinga skal utarbeidast i samarbeid med dei tilsette. Dette er viktig for at alle skal få eigarskap til prosessen, og for at alle farar skal bli vurdert. Prosessar som bør vere med i risikovurderinga til verksemda for ytre miljø, er mellom anna:

- Tidlegare hendingar
- Mogelege/sannsynlege hendingar
- Hendingar som mest sannsynleg ikkje vil skje, men der konsekvensen er stor om det skjer

Skriftlege rutinar for å unngå utslepp til ytre miljø, § 5 punkt 7

Internkontrollforskrifta krev at verksemda skal setje i verk rutinar for å avdekke, rette opp og førebyggje brot på krav fastsett i eller i medhald av helse-, miljø-, og tryggleikslovgjevnaden.

Arbeidsrutinar må dokumenterast og systematiserast slik at dei kan inngå i internkontrollen.

Avvikshandtering, § 5 punkt 7

Det skal vere eit system for avvikshandtering, det vil sei ein skriftleg rutine for korleis verksemda avdekkjer, rettar opp og førebyggjer brot på HMS - krav i lover og forskrifter. Skriftleg melding om avvik er naudsynt, slik at ein kan sikre at avvik vert retta opp og for å førebyggje liknande hendingar.

Påverknad på resipienten, § 5 punkt 6 og 7

Verksemda bør til ein kvar tid ha kjennskap til korleis anlegget påverkar resipienten. Dette er viktig for å sikre at belastninga er akseptabel, i tråd med regelverk og med verksemda sine egne kriterium for kva som skal godtakast.

Avviket er basert på følgjande observasjonar:

Internkontrollen til Green Salar AS er mangelfull, jf. punkta under.

- Verksemda har ikkje ein skriftleg oversikt over sin organisasjon, under dette korleis ansvar, oppgåver og mynde for arbeidet med helse, miljø og sikkerheit er fordelt.
- Risikovurderinga har ei liste med tiltak/prosedyre. Handlingsplanen og planar for tiltak har ikkje tidsfristar og oversikt over kven som er ansvarleg for at dei vert gjennomførte.

Plasseringa av dieseltanken på 7000 liter er ikkje risikovurdert.

Risikovurderinga er ikkje datert eller signert.

- Verksemda har fleire skriftlege prosedyrar/rutinar for arbeidsoperasjonar som kan medføre fare for utslepp til ytre miljø.

Verksemda kunne ikkje dokumentere følgjande skriftlege prosedyre:

- Prosedyre for arbeidet med risikovurderingar
- Prosedyre for avfallshandtering og handtering av farleg avfall

Følgjande prosedyre var ikkje oppdatert;

- Prosedyre for stoffkartotek, oversikt kjemikalier og lege middel

- Verksemda har ikkje rutine for å vurdere om det er behov for resipientgranskingar eller sett kriterier for når/om det er trong for resipientgranskingar. Skriftlege rutinar skal innehalde kva for endringar ved anlegget eller ytre faktorar, som fører til endring av skadeverknad i resipienten og dermed endring av status. Kriteria skal vere dokumentert i verksemda sin internkontroll.
- Det kunne ikkje leggjast fram dokumentasjon på om leiinga har vurdert korleis utsleppa frå anlegget påverkar resipienten, eller vurdering av om det er trong for fleire granskingar.

Avvik 2: Verksemda driv ikkje i samsvar med løyvet

Avvik frå: Utsleppsløyve datert 27. januar 2004

Kommentarar:

I utsleppsløyve er det sett krav om å utbetre avløpsarrangementet så raskt som teknisk mogeleg. Avløpsleidningen skal leggjast ut på minimum 15 meters djupne i god, straumførande sjø. Den skal dimensjonast for å ta hand om alt produksjonsvatn frå anlegget. Verksemda kunne ikkje dokumentere at dette er gjort.

Avvik 3: Handtering av farlig avfall er ikkje i samsvar med regelverket

Avvik frå: Avfallsforskrifta kapittel 11, §§11-5, 11-8 og 11-12

Kommentar til regelverket

Lagring av farleg avfall, § 11-5

Farleg avfall skal mellomlagrast forsvarleg. Avfallseigar har ansvar for at farleg avfall ikkje førar til forureining. Avfallet sitt farepotensial set krav til lagringsplassen, særleg verna mot ytre påverknad og sikring mot uvedkomande. Det er òg krav til at ein held orden og oversikt over avfallet, ved ryddig og åtskilt plassering og med tydeleg merking av innhaldet.

Alle som oppbevarer farleg avfall skal treffe nødvendige tiltak for å unngå fare for forureining. Dette inneber mellom anna merking og sikring mot lekkasjar.

Vidarelevering til godkjent mottakar, § 11-8

Det farlege avfallet skal leverast minst 1 gong kvart år dersom den totale mengda farleg avfall overstig 1 kg.

Farleg avfall, som til dømes spillolje, batteri, lysrør, sprayboksar skal handterast som farleg avfall og leverast godkjent mottak.

Leveringsplikt, § 11- 12

Ved levering av farleg avfall til godkjent mottakar, skal verksemder fylle ut deklarasjonsskjema med opplysingar om det farlege avfallet.

Avviket er basert på følgjande observasjonar:

- Verksemda har ikkje oversikt, fordelt på avfallsfraksjon, over kor mykje farleg avfall verksemda generer årleg eller kor mykje farleg avfall verksemda har på lager til ei kvar tid. Avfallsmengde og disponeringsmetode skal registrerast og journalførast, jf. punkt 6.2 i løyvet.
- Lagring av alt farleg avfall er ikkje tilfredsstillande. Fat med ukjent innhald stod lagra utandørs.
- Det farlege avfallet var ikkje godt merka med kva det inneheldt.
- Verksemda kan ikkje dokumentere at farleg avfall er levert til godkjent mottakar i form av deklarasjonsskjema.

8. Merknader

Vi har gitt følgjande merknader under inspeksjonen:

Merknad 1:

Krav om varsling til Fylkesmannen ved akutte utslepp manglar i beredskapsplanen.

Kommentarar:

I utsleppsløyve av 27. januar 2004, punkt 8.2 er det vist til at dersom det oppstår akutte utslepp, skal Fylkesmannen varslest så snart som mogeleg. Denne plikta var ikkje dokumentert i beredskapsplanen til verksemda.

9. Andre forhold

Settefiskanlegget vart etablert i 1986. Green Salar AS har kjøp opp anlegget i Ljonesvågen for eit år sida. Verksemda produserer dette året 800 -900 tusen sjøklar settefisk av laks.

Påverknad på resipienten

I samband med utviding av utsleppsløyve frå 2004 til 1,5 millionar smolt vart anlegget pålagt å gjennomføre ein resipientgransking med frist for å rapportere 15. mai 2007, og seinare forlenga til 30. mai 2010.

Verksemda har gjennomført fleire granskingar i resipienten til anlegget. Den siste var ein kombinert MOM B- og MOM C- gransking av Ljonesvågen vinteren 2010.

Resultata av granskinga ligg føre i rapport av 27. mai 2010. Konklusjonen i rapporten er at avløpet frå anlegget drenerer til sjøområde som har svært høg resipient- og omsetningskapasitet for tilført organisk materiale. Granskinga syner få synlege teikn til noko negativ effekt av tilførsleane rundt avløpet og i nærområde til avløpet.

Det er på sikt planar om å etablere resirkuleringsanlegg for avløpsvatnet.

10. Bilde

Bilde tekne av Fylkesmannen i Hordaland ved tilsyn 8. september 2015.



Dieseltank



IBC-containerar med ensilasje



Lagring av farleg avfall som ikkje er merka med innhald.